

Skilt på plass att ved brua

12.03.2008



Skiltet er på plass att og no skikkeleg forankra. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det tok nokre veker, men no er skiltet som vinden tok ved brua og som peikar mot Øyro og Dønhaug Gjestegard på plass att.

Og no er det mykre betre forankra enn tidlegare, med skruar tvers igjennom betongkanten inntil vegen. Dei som har ansvaret for vedlikehaldet har tydelegvis gjort ein grundig jobb i denne omgangen. Grunnen til at vinden braut laus skiltet for ei stund sidan var for dårleg feste.

Skiltet vart liggjande lenge i vegkanten og var faktisk ein trafikkfare inntil det vart løfta til side og stutt tid etterpå montert att.